

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Kjell Gunnar Johansen
Skjelvikvegen 142
5307 ASK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/7350 - 20/17810

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:

02.04.2020

Førebels svar med trong for tilleggsinformasjon - gbnr 352/39 Kårbø

Tiltak: utslepp
Byggjestad: Gbnr: 352/39
Tiltakshavar: Kjell Gunnar Johansen
Ansvarleg: Fløysand Va AS
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.03.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er ikkje nabovarlsa i samsvar med forurensingsforskriften § 12-4, punkt 2.
2. Stadfesting frå Norva24 at det er mulig å tømme slamavskiljar slik den er vist plassert i vedlagte situasjonsplan. (Maks. løftehøgd 8 meter og maks. tømmeavstand 100 meter.)
3. Kommunen gjer også merksam på at det må søkjast om løyve etter plan- og bygningslova for etablering av avløpsanlegg. (Vedlagte erklæring av ansvarsrett og samsvarserlæring er ikkje ein komplett søknad.)
4. Det må hentast inn godkjenning frå Bergen og Omland Hamn AS for utlegging av leidning i sjø.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløysand Va AS
Kjell Gunnar Johansen

Fløksand
Skjelvikvegen 142

5918
5307

FREKHAUG
ASK